



NATURVERNFORBUNDET I SØR-TRØNDELAG

Sandgata 30, 7012 Trondheim

Tlf. 73 51 52 24 Fax 73 51 27 27 e-post sortrondelag@naturvern.no 14.10.2009

NVE

nve@nve.no

Uttale om Roan vindkraftverk

Vi viser til ”søknad om konsesjon, ekspropriasjonstillatelse og forhåndstiltredelse for Roan vindkraftverk i Roan kommune i Sør-Trøndelag” med tilleggsutgreiingar.
(Vi har fått utsetjing til 14.10.2009 med å levere uttalen).

Innhald

Ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å tillate så store inngrep.....	2
Våre konklusjonar	2
Vi ber NVE om å avslå søknaden om konsesjon	2
Vi har følgjande hovudpunkt i uttalen:	2
Potensialet for energisparing og energieffektivisering.....	3
IEA, det internasjonale energibyråets politikk for klimatiltak.....	3
Lavenergiutvalgets innstilling	4
Energibruk i byggjesektoren	4
Tiltak for industri og primærnæring.....	4
Kva blir virkninga for Noreg totalt og for Midt Noreg spesielt?	4
Havvindkraft med anbefaling til NVE	5
Fugl.....	5
INON	6
Vindkraftanlegg som naturinngrep.....	6
Rekonstruksjon av INON-område i Roan	7
Inngrepsfritt frå fjord til fjell.....	7
Friluftsliv	7
Vedlegg	8

Ikkje tilstrekkeleg grunnlag for å tillate så store inngrep

Det blir i søknaden vist til EUs direktiv om prosentvis andel fornybar energi (2001), Stortingsmelding 29 (1998-99), "Om energipolitikken" og andre stortingsmeldinga. Det blir i tillegg hevda at energibruken i Noreg er aukande, og at det er behov for import.

I sum blir det frå Sarepta Energi peika på behov for sterk utbygging av ny fornybar energi i Noreg for å nå nasjonale mål og internasjonale mål for fornybar energiforsyning. Det blir vidare hevda at inngrepa er reversible.

Våre konklusjonar

Inngrepa som følgje av Roan vindkraft er store og øydeleggjande for natur, biologiske mangfald og friluftsliv.

- Det er inngrep som er i strid med internasjonale og norske forpliktelser om å stanse tapet av biologisk mangfald innan 2010.
- Det er inngrep i strid med nasjonal målsetjing om å stanse tap av inngrepsfrie område, INON. Vi viser spesielt til St.melding 26 (2006-2007)
- Det er gode alternativ med små naturinngrep som kan erstatte Roan vindkraftanlegg når det gjeld energi

For å kunne tillate så store naturinngrep må det bli påvist at det er store og vesentlege samfunnsmessige behov som blir dekkja gjennom inngrepet. Dette meiner vi at ikkje er oppfylt for Roan vindkraft.

Det er dermed ikkje tilstrekkeleg lovmessig grunnlag for å tillate utbygging.

Vi ber NVE om å avslå søknaden om konsesjon

Primært ber vi NVE avslå søknaden

Subsidiært ber vi om at det blir gjennomført ytterlegare konsekvensutgreiingar før det blir gjennomført vidare konsesjonsbehandling:

1. **Virkninga på fugl, ut i frå manglande vurdering av trekkfugl, kumulativ effekt og ut i frå foreståande behandling av Smøla i Bernkonvensjonens sekretariat**
2. **Virkninga for INON-område med utgangspunkt i mogleg restaurering av slike område i anleggets influensområde og av inngrep i område, samahengande frå fjord til fjell.**

Vi har følgjande hovudpunkt i uttalen:

1. Energi

Mange av Sareptas påstandar og konklusjonar om energisituasjonen er misvisande / utdaterte.

Vi vil vise at all ny produksjon av elektrisitet i Noreg vil gå til eksport, slik at det er bakvendt å bygge vindkraft i Midt Noreg, når krafta må bli transportert gjennom heile landet på miljøfiendtelege og kostbare kraftliner for å koma fram til å kundane i Danmark og Tyskland. Det fornuftige, både for klimaet og miljøet generelt, er å stanse vidare utbygging av vindkraft i Midt Noreg og satse på energieffektivisering og på vindkraft i sørlege del av Nordsjøen, nær dei som skal ha energien.

2. Fugl

Det er ikkje gjennomført tilstrekkeleg konsekvensutgreiing for trekkfugl. Dette må bli gjennomført før vidare konsesjonsbehandling av Roan vindkraft. Utan tilstrekkeleg feltregistrering står det: ”Det er ikke kjent regulære trekkruiter eller døgntrekk / næringstrekk for fugl gjennom området.”

Krav om stans i vidare konsesjonsbehandling for Roan vil vi også grunngje ut i frå at Bernkonvensjonens sekretariat skal behandle forslag om å reise sak mot Noreg for Smøla vindkraft.¹ Det er mange felles trekk mellom Roan og Smøla.

Det er også behov for å sjå Roan vindkraftanlegg ut i frå følgjande: ”Den samlede (kumulative) effekten av meldte, konsesjonssøkte og konsesjonsgitte vindparkene på Fosen på faunaen, og da mest relevant på fugl, kan bli betydelig dersom et større antall av parkene realiseres.”

3. INON-område

Det er vist til eit totalt tap av INON område type 2 på i alt 50,8 km² og type 1 på 9,1 km². Dette er i seg sjølv enorme tap av inngrepsfri natur, i strid med nasjonale målsetjingar om arealforvaltning. Vi vil vise at tapet av INON reelt sett er vesentleg større, og at det også medfører tap av INON-område som er samanhengande frå fjord til fjell. Det siste er ikkje nemnd i søknaden.

Potensialet for energisparing og energieffektivisering

Sarepta hevdar at energibruken er aukane og at det er importbehov.

I all internasjonal debatt og forskning om energi, blir det i dag slått fast at energieffektivisering er det viktigaste tiltaket for alle verdas land når det gjeld å redusere utsleppet av klimagass frå energisektoren. Dette gjeld også for Noreg, og ut i frå det er det lite interessant å sjå på utviklinga i energibruk tidleg på 2000-talet.


Det er tvert om slik at Noreg vil bli pålagd å gjennomføre ein drastisk reduksjon av energibruken, gjennom energieffektivisering og generell sparing.

Dette har vore følgt opp gjennom det norske Lavenergiutvalget, som leverte innstillinga si juni 2009 og påviste at Noreg kan følgje dei internasjonale pålegga.

Det er også slik at energibruken i Noreg er på veg ned. Dei siste åras investeringar i varmepumper har aleine ført til 7 TWh årleg energisparing.²

IEA, det internasjonale energibyråets politikk for klimatiltak

IEA gir energisparing / energieffektivisering ansvaret for 54% av den internasjonale reduksjonen av klimagass frå energisektoren, mens ny fornybar energi og biodrivstoff får ansvaret for 23%, CO₂-lagring for 14% og ny kjernekraft for 9%.³



¹ Wind farms at the Smøla Archipelago (Norway) (On-the-spot appraisal by Mr Eckhart Kuijken. CONVENTION ON THE CONSERVATION OF EUROPEAN BIODIVERSITY AND NATURAL HABITATS. Standing Committee

² NVE. Kvartalsstatistikk 2. Kvartal 2009.

³ Policies for energy efficiency: strategic priorities and challenges, Dr Nigel Jollands, Head, Energy Efficiency Unit, International Energy Agency http://www.iea.org/Textbase/speech/2009/Jollands_APREC.pdf (Dato for nedlasting: 22.09.2009)

IEA har vidare lansert 25 tiltak som medlemslanda bør gjennomføre for å oppnå tilstrekkeleg energieffektivisering, og leiarane i G8 landa har uttalt at dei er: "committed to maximize implementation of the IEA 25 recommendations on energy efficiency."
Noreg har så langt oppfylt 6 av desse tiltaka.⁴

Lavenergiutvalgets innstilling

Lavenergiutvalget, nedsett av regjeringa, leverte innstillinga si 25. juni 2009:

"Utvalget foreslår en halvering av energibruken i bygg innen 2040 og en 20 prosent reduksjon av energibruken i industrien innen 2020."⁵

I Lavenergiutvalget hadde representantar frå følgjande organisasjonar / bedrifter: Choice Hotels, LO, Norsk Industri, SINTEF Byggforsk, Energigården, Bellona, SSB, Naturvernforbundet, Norgesgruppen, SINTEF Energiforskning, Universitetet i Tromsø, EBL v/Agder Energi, BNL.

Energibruk i byggjesektoren

"Utvalget anser det som mulig å halvere byggsektorens samlede energibruk på 30 år. En slik halvering kan nås ved strengere krav til nybygg, betydelig satsing på energieffektivisering ved større rehabiliteringer og enøk-tiltak i øvrig bygningsmasse.

Utvalget vil derfor foreslå følgende mål for samlet energibruk i byggsektoren med utgangspunkt

i dagens forbruk på 80 TWh1:

- Bruk i 2020: 70 TWh
- Bruk i 2030: 55 TWh
- Bruk i 2040: 40 TWh"

Tiltak for industri og primærnæring

"Anbefalinger for industri og primærnæringene

Det identifiserte potensialet for energieffektivisering innen industrien og primærnæringen er betydelig. På denne bakgrunn mener utvalget at:

Det bør settes et politisk mål på minimum 20 prosent reduksjon i spesifikk energibruk i industrien og primærnæringene utover generell teknologiutvikling innen utgangen av 2020. Dette tilsvarer ca 17 TWh basert på nåværende aktivitetsnivå. 5 prosent reduksjon bør 6 oppnås innen utgangen av 2012 ved å gjennomføre enkle tiltak."

Kva blir virkninga for Noreg totalt og for Midt Noreg spesielt?

Med eit forbruk på ca 112 TWh elektrisitet i året (2008), vil vi få følgjande virkning

	Noreg totalt	Midt Noreg
Årsforbruk	112 TWh	22 TWh
Årsforbruk i industri og bergverk	50 TWh	13 TWh
20% redusert energibruk i industrien og bygg innan 2020	23 TWh	4,4 TWh
Ytterlegare 30 % for bygningar innan 2040	18 TWh	2,7 TWh

⁴ Dr Nigel Jollands, foredrag på Lavenergikonf. i Trondh. 14-15 mai 2009 www.lavenergikonferansen.no

⁵ <http://www.norskindustri.no/klima-energi/lavenergiutvalgets-innstilling-klar-article3422-549.html> (Dato for nedlasting: 22.09.2009)

I tillegg kjem overgang frå elektrisitet til fornybar varme, og ca 12 TWh frå oppgradering av gamle kraftverk (utan nemneverdige naturinngrep). I alt vil vi ut i frå dette få eit overskot på minst 40 TWh innan 2020 dersom det blir satsa på energieffektivisering og oppgradering i staden for den vesentleg dyrare satsinga på vindkraft.

Samtidig med dette vil det skje ei vesentleg energieffektivisering på område der det blir brukt fossilt brensel. Overskotet av elektrisitet vil kunne bli brukt til elektrifisering av bilparken (4 TWh) og elektrifisering av dei delane av sokkelen det er aktuelt å elektrifisere (ca 10 TWh). I tillegg blir det enorme mengder til eksport.

Vidare mot 2040 blir overskotet enno mykje større.

For Midt Noreg vil ein raskt få ein uanstrengt kraftsituasjon, og i 2040 kan det vera overskot i landsdelen.

Dette skjer vel og merke: Utan satsing på ny produksjon, og utan nye kraftliner.

Vi vil også hevde at Midt Noreg, med sin konsentrasjon av teknisk kompetanse rundt NTNU, Sintef og HiST, bør kunne oppnå meir enn resten av landet fram mot 2020, gjennom å vera eit utstillingsvindaug for teknologi rundt energieffektivisering og energieffektiv organisering av samfunnet.

Havvindkraft med anbefaling til NVE

I mange havområde langt frå kysten kan utbygging av vindkraft skje med vesentleg mindre miljøkonsekvensar enn på land, mellom anna basert på kunnskap om trekkruiter for fugl over havområde. Teknologi for å starte slik utbygging er allereie på plass for utbygging på grunne havområde med faststående installasjonar. Vi vil her nemne spesielt Lyse energi som har meldt eit anlegg på 4,5 TWh i sørlege del av Nordsjøen på grunt vatn, med produksjonsstart allereie i 2018. Avstanden til Kontinentet er kort, og vi kan eksportere energien utan å byggje nye, miljøskadelege kraftliner gjennom heile landet.

Med utgangspunkt i meldinga frå Lyse energi, kan ein konkludere med at det er mogleg, på 7x7 mil i sørlege del av Nordsjøen, å produsere like mykje energi som heile dagens norske elektrisitetsproduksjon. Det er her dei store energimengdene ligg, med små miljøkonsekvensar, målt opp mot langt mindre energimengder langs kysten, med vesentleg større konsekvensar for miljøet.

Ut i frå dette bør NVE avslå søknaden frå Sarepta energi om Roan vindkraftanlegg og peike på at miljøkonsekvensane er for store, samanlikna med andre alternativ.

Fugl

1. Registrering av trekkruiter.

Trondheimsfjorden med omland er eit av dei viktigaste våtmarksområda i Noreg, og er eit viktig område for store delar av Europas trekkfuglar vår og haust.

Konsekvensutgreiinga seier berre ”Det er ikke kjent regulære trekkruiter eller døgntrekk / næringstrekk for fugl gjennom området.”

Det er varierende, og ofte lite kunnskap om viktige trekkruiter, og vi ser det ikkje som tilstrekkeleg å ta utgangspunkt i eksisterande kunnskap. Det er nødvendig med nye registreringar vår og haust for å kunne vurdere virkninga som Roan vindkraftanlegg kan ha på trekkruiter.

2. Bernkonvensjonen og eventuell sak mot Noreg

Noreg har underteikna Bernkonvensjonen, og Bernkonvensjonens sekretariat har leigd inn uavhengige ekspertar som i sommar har vurdert vindkraftanlegget på Smøla og foreslått at det blir reist sak mot Noreg.

For Roan vindkraft gjeld mykje av det same som for Smøla, både når det gjeld havørn, hubro og andre sårbare artar, men også når det gjeld trekkfugl.

Vi ser det som nødvendig å vente på behandlinga av denne saka i Bernkonvensjonen før ein går vidare med konsesjonsbehandlinga av Roan vindkraftanlegg. Ei avgjerd der kan gje viktige retningsliner for vidare behandling av vindkraftanlegg i Midt Noreg. Bernkonvensjonens "Standing committee" skal ha ei første behandling av dette i november 2009

INON

Etableringa av Roan vindkraft vil gje eit tap av INON område type 2 på i alt 50,8 km² og type 1 på 9,1 km².

Dette er store område, og Roan vindkraftanlegg må bli vurdert opp mot nasjonale målsetjingar om å ta vare på INON-område slik det er slått fast av fleire Storting og ulike regjeringar. Så seint som i statsbudsjettet for 2009 er inngrepsfritt areal eit mål for kor vellukka naturforvaltning vi har. I strid med nasjonale målsetjingar har det likevel vore ei massiv nedbygging av inngrepsfri natur over heile landet, slik Riksrevisjonen avdekkja i sin rapport dok 3 (2006-2007).

Vi overlet til Energi- og miljøkomitéen på Stortinget å levere god argumentasjon for kvifor arealforvaltninga er viktig når det gjeld å stanse tap av biologisk mangfald. Innst s 228(2004-2005):

"Flertallet (alle utan FrP) viser til at Regjeringen har som mål å stanse tapet av biologisk mangfold innen 2010, som en oppfølging av målet som ble satt på ministerkonferansen for miljø i Europa i Kiev i 2003. Flertallet viser til at meldingen peker på at fysiske inngrep og endret arealbruk utgjør den viktigste trusselen mot biologisk mangfold, og at summen av mange små inngrep som alene synes ubetydelige, utgjør en snikende fare for mange arter. Disse artene forsvinner ikke umiddelbart, men over tid svekkes livsgrunnet, til artene til slutt forsvinner. Denne erkjennelsen må innebære at vi øker oppmerksomheten mot sumkonsekvenser av inngrep som hver for seg fremstår som små."

Vindkraftanlegg som naturinngrep

Vindkraft i naturområde kjem i tillegg til alle andre inngrep. Anlegga framstår som industriområde for produksjon av energi med stor menneskeleg aktivitet og store inngrep. Det er vegar på kryss og tvers som stykkar opp og drenerer området, og tilsyn kvar dag.

Inngrepa er så store at det vil vera vanskeleg å reversere inngrepa etter at konsesjonsperioden er over, både fordi det vil vera sterkt press for ny konsesjon når inngrepa og infrastrukturen allereie er på plass, og fordi det har vist seg særst vanskeleg å få politisk fleirtal for å fjerne eksisterande vegar i naturområde, med stort press for hyttebygging.

Som norske og internasjonale forskarar har slått fast, store samanhengande område, utan store inngrep, er vesentleg for overlevinga av mange artar, og vern av slike område står sentralt for å stanse tapet av biologisk mangfald. Det er ikkje det einskilde vindkraftanlegget, det einskilde hytteområdet eller den einskilde kraftlina som utgjer trugsmålet mot det biologiske mangfaldet. Det er summen av alle inngrep som er alvorleg, og Roan vindkraftanlegg må bli vurdert i denne samanhengen.

Rekonstruksjon av INON-område i Roan

Det går ei kraftline om lag rett sørover, litt aust for Straum. Den går gjennom eit område som elles er utan store inngrep. I dag ville ein ha lagt ei slik kraftline i dalføret som går lengre aust, og dermed unngått det store inngrepet.

Det er fullt mogleg å leggja om denne lina i framtida, og dermed oppnå ein vesentleg rekonstruksjon av inngrepsfritt område, både av type 2 og type 1. I alt kan det vera mogleg å rekonstruere minst 20 km² INON-område type 2. Ein vil også få nokre km² INON type 1.

Vi meiner at ein også må ta med slike spørsmål når det gjeld virkninga på INON-område på grunn av Roan vindkraftanlegg, slik at tapet av inngrepsfritt og mogleg inngrepsfritt område i staden blir ca 70 km² av type 2 og 12 – 15 km² av type 1.

Inngrepsfritt frå fjord til fjell

Vi er overraska over at konsesjonssøknaden og konsekvensutgreiinga ikkje omtalar at utbygginga medfører tap av INON-område som går samanhengande frå fjord til fjell. Frå Skjøråfjorden er det eit INON-område som går sørover opp på Havikhesten og vidare innover mot Haraheia, der det er planlagd utbygging.

Vi vil her vise til nasjonale retningslinjer for lokalisering av vindkraftanlegg, der det uttrykkeleg står at det er spesielt viktig å unngå inngrep i INON-område som er inngrepsfrie frå fjord til fjell. Vi ser det vidare slik at ein må tolke desse retningslinjene slik at det forsterka vernet ikkje berre gjeld akkurat strekninga frå fjord til fjell, men for heile INON-området som heng saman med dette.

Friluftsliv

Vi stiller oss uforståande til konklusjonane i konsekvensutgreiinga om at det er ”liten til middels” innvirkning på friluftslivet.

Vi har ein direkte arealbruk på 29 km² og eit direkte tap av INON-område på 50 km².

Inne i sjølve anlegga er friluftsliv tapt. Det er ingen annen grunn til å oppsøke slike område bortsett frå å sjå på turbinane. Støy og rørsler er fullstendig øydeleggjande for naturoppleving, og om vinteren er det farleg å vera i området på grunn av fare for iskast. I Bessaker vindkraftanlegg står det mange varselskilt om dette.

Utafor sjølve anlegget er virkninga sterk inntil minst 1 km unna, og for mange må ein enno lengre unna, slik at totalt tap av utfartsområde vil vera minst 50 – 60 km².

Dette er store tap for dagens og for framtidens ferdsel i naturen.

Vi delar ikkje konsesjonssøknadens optimisme om at det er mogleg å restaurere området etter endt konsesjonstid, også med tanke på at søknaden framstiller anlegets vegar inn i naturområdet som noko positivt i friluftssamanhang.

Med helsing

Mads Løkeland

På vegne av Naturvernforbundet i Sør Trøndelag

Tlf 95956726, mads.lokeland@stfk.no

Vedlegg

Utdrag frå:

CONVENTION ON THE CONSERVATION OF EUROPEAN WILDLIFE AND NATURAL HABITATS

Standing Committee 29th meeting
Bern, 23-26 November 2009

Wind farms at the Smøla Archipelago (Norway)
(On-the-spot appraisal – 15-17 June 2009)

Report prepared by
Mr Eckhart Kuijken

Conclusions

In 2001 and so far the Bern Convention Standing Committee decided not to open a new case file on the wind farm developments in Smøla, in spite of its qualification as a IBA and (potential) protected areas sites and the considerable fatalities with White-tailed Eagles and other birds.

Article 4 of the Bern Convention establishes that “Each Contracting Party shall take appropriate and necessary legislative and administrative measures to ensure the conservation of the habitats of the wild flora and fauna species, especially those specified in Appendices I and II, and the conservation of endangered natural habitats”; and further “That the Contracting Parties undertake to give special attention to the protection of areas that are of importance for the migratory species specified in Appendices II and III and which are appropriately situated in relation to migration routes, as wintering, staging, feeding, breeding or moulting areas”

I note with concern that far-reaching decisions on wind farm establishment seem to have been based upon incomplete or partial information brought together in EIAs that rather minimise the effects of wind farms at the very core of White-tailed Eagles and other rare species breeding/feeding areas or along coastal migration corridors.

We have been informed during our mission about the planned wind farm Havsul I. This is planned inside the foraging area of seabirds from Runde (largest seabird colony in S Norway) and an area of very concentrated waterbird- and seabird migration on the west coast. NOF had made complaints about to the OED (Oil Ministry) but these were recently dismissed. Thus the government seem to follow the same strategy of disregarding important areas for birds in wind farm planning. This endorses the need for further actions as a test-case after the establishment of the Smøla wind farm.

Based upon the above reported on-the-spot appraisal, the presentations, information and comments received, I am convinced that Norway through unilateral decisions of the Ministry of Petroleum and Energy did underestimate or even neglect the requirements of the Bern Convention.

Therefore I strongly advise the Bern Convention Standing Committee to open a file on the Smøla Wind farm case.